

BOKN KOMMUNE

Seniorråd/råd for eldre og funksjonshemma

HOVUDUTSKRIFT

Møtedato: 28.11.2017

Møtetid: Kl. 17:00 - 18:00

Møtestad: Boknatun

Saksnr.:

Følgjande medlemmer møtte	Parti
Cristine Berge Christiansen	
Olav Larsen	
Zuzanna Ufnal	AP
Sigmund Alvestad	KRF

Forfall meldt frå følgjande medl.	Parti	Følgjande varamedl. møtte	Parti
June Kro		Helga Alvestad	

Møteleiar:	Sigmund Alvestad
Frå adm. møtte:	
Utlevert i møtet:	
Orientering:	
Sp.mål/interpell.:	
Synfaring:	
Diverse:	

Underskrifter:

Sakliste

Sak nr.	Saktittel
020/17	Godkjenning av innkalling
021/17	Godkjenning av møteprotokoll
022/17	Budsjett 2018 og økonomiplan 2019 -2021
023/17	Kommunale vigsler i Bokn kommune frå 01.01.2018.
024/17	Kulturprisen 2017
025/17	Støtte til Haugaland Hestesport Arena

020/17 Godkjenning av innkalling

Innkalling vart samrøystes godkjent.

28.11.2017 Seniorråd/råd for eldre og funksjonshemma

Behandling:

SB - 020/17 Vedtak:

Innkallinga vert godkjent utan merknader.

021/17 Godkjenning av møteprotokoll

Møteprotokollen vart samrøystes godkjent.

28.11.2017 Seniorråd/råd for eldre og funksjonshemma

Behandling:

SB - 021/17 Vedtak:

Ingen merknad.

Kristine Christiansen og Olaf Larsen signerer protokoll for møte 28.11.2017

022/17 Budsjett 2018 og økonomiplan 2019 -2021

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

1. Vedlagte forslag til budsjett for Bokn kommune for 2018 vert vedteke på overordna nivå med eit nettobudsjett på kr. 68.871.300,- på fylgjande rammeområder:
 - Rammeområde 1 Sentraladministrasjonen kr. 14.594.900,-
 - (inkl. kr. 800.000,- i reservert løyving)
 - Rammeområde 2 Kultur, skule og barnehage kr. 24.259.300,-
 - Rammeområde 3 Helse, pleie og omsorg kr. 22.891.000,-
 - Rammeområde 4 Sosial og barnevern kr. 2.688.200,-
 - Rammeområde 6 Teknisk kr. 4.437.900,-
 -

Rådmannen får fullmakt til å omfordele tiltak på rammeområda der endringane er av budsjett-teknisk og ikkje-prinsipiell karakter.

2. Kommunestyret vedtek investeringar i 2018 ihht budsjettskjema 2B;

Kr. 600.000,-

Investeringa vert dekkja av kapitalfond.

3. Kommunestyret vedtek at det vert sett av 2 mill. kroner av driftsoverskotet til sikringsfond i 2018, 4 mill. i 2019 og 2020 og 2 mill. i 2021 til dekning av evt. tap av

eigedomsskatt. Resterande del av driftsoverskotet vert sett av til disposisjonsfond.

4. Øvrige skattevedtak: Kommunale inntektsskattøre samsvarande med Stortinget sitt vedtak om maksimalsats.
5. Bogn kommunestyre vedtar at barnehagesatsane vert justert frå 1. januar 2018 i samsvar med vedtatt maksimalpris. Deltidsplassar skal justerast forholdsmessig.
6. Maksimalsatsane for opphand i institusjon og hjelp i heimen fylgjer den til kvar tid gjeldande forskrift for eigenbetaling
7. Dei øvrege framlagde satsane for kommunale avgifter og tenester for 2018 vert vedtatt i samsvar med rådmannen sitt framlegg i gebyrregulativet.
8. Eigedomsskatt for 2018 vert utskriven med 7 promille.

Utskriving av skatt for skatteåret 2018 er basert på siste taksering frå 2016. Eigedomsskatten vert skriven ut i 2 terminar. Jf. Eigedomsskatteloven §25 -1

Alternativt vedtak:

Dersom regjeringas forslag til endringar i eigedomsskattelova frå 01.01.2019 vert vedteke, vert vedtaket;

- For eigedomsskatteåret 2019 skal det skrivast ut eigedomsskatt på næringsseigedom i heile kommunen jf. Eigedomsskattelova § 3 a.
- Den alminnelege eigedomsskattelova for skatteåret 2019 er 7 promille. Denne satsen vil mellom anna gjelde for næringsseigedom.
- Utskriving av skatt for skatteåret 2018 blir basert på takstar fastsett ved alminneleg taksering, som blir gjennomført med verknad frå 1. januar 2019.
- Verk og bruk skal takserast i 2018, med 1. januar som verdsetjingstidspunkt. Taksten skal spesifisere verdien av «produksjonsutstyr og installasjonar» som frå 01.01.2019 ikkje inngår i eigedomsskattegrunnlaget. Kommunen har heimel for slik ny taksering i eigedomsskattelova §8A-3 annet ledd andre punktum.
- Eigedomsskatt for næringsseigedomar som tidlegare vart rekna som «verk og bruk» og no er næringsseigedomar, skal i 2019 skrivast ut på eigedomsskattegrunnlaget med tillegg av særskilt fastsett grunnlag. Det særskilde grunnlaget bereknast ved å finne den delen av differansen mellom eigedomsskattegrunnlaget i 2018 og 2019 som er forårsaka av at produksjonsinstallasjonar og – utstyr ikkje skal reknast med i grunnlaget for 2019.
- Eigedomsskatten blir skriven ut i 2 terminar, jf. Eigedomsskattelova § 25 første ledd.

28.11.2017 Seniorråd/råd for eldre og funksjonshemma

Behandling:

Rådmannen sitt korrigererte forslag til vedtak (per 28.11.2017) frå pkt. 8:

8. Eigedomsskatt for 2018 vert utskriven med 7 0/00.

Utskriving av skatt for skatteåret 2018 er basert på siste taksering frå 2016.

Eigedomsskatten vert skriven ut i 2 terminar. Jf. Eigedomsskatteloven §25 -1

Alternativt vedtak:

Dersom regjeringas forslag til endringar i eigedomsskattelova frå 01.01.2019 vert vedteke, vert vedtaket;

- For eigedomsskatteåret 2018 skal det skrivast ut eigedomsskatt på verk og bruk, jf. eigedomsskattelova § 3 bokstav c.
- Den alminnelege eigedomsskattelova for skatteåret 2018 er 7 promille.
- Utskriving av skatt for skatteåret 2018 blir basert på takstar fastsett ved siste alminnelege taksering som blei gjennomført med verknad frå 1. januar 2016.
- I budsjettforliket om statsbudsjettet 2018 blei det klart at kommunen sitt høve til å skriva ut eigedomsskatt på verk og bruk vil bli endra. For å kompensere skattebortfallet som fylgje av dette, ser kommunen seg nødt til å innføra eigedomsskatt på alle næringsseigedomar. Innføring av eigedomsskatt på næringsseigedom er naudsynt for framleis å kunna skriva ut eigedomsskatt på dei tidlegare verk og bruka som ikkje fell inn under dei anlegga som er særleig regulert (kraftverk, vindkraftverk og anlegg omfatta av særskattereglane for petroleum, samt nettanlegg). Innføring av eigedomsskatt på næringsseigedomar er naudsynt for at kommunen kan nytta seg av overgangsreglane kor kommunen får høve til ei nedtrapping av eigedomsskatten over sju år.

På denne grunn blir det vedteke at:

- For eigedomsskatteåret 2019 skal det skrivast ut eigedomsskatt på næringsseigedom, kraftverk, vindkraftanlegg og anlegg omfatta av særskattereglane for petroleum, jf. eigedomsskattelova § 3 bokstav d. Også nettanlegg vil vera omfatta av dette alternativet.
- I 2018 skal det gjerast taksering av alle næringsseigedomar i kommunen som grunnlag for utskriving etter eigedomsskattelova § 3 bokstav d. Dei nye takstane skal gjelde frå 2019.
- For gjeldande verk og bruk må det avklarast kva deler av anlegget som er omfatta av petroleumsskattelova § 5. Det skal i 2018 også gjennomførast ei omtaksering av dei verk og bruk som ikkje er omfatta av dei særskilde unntaka. Desse verk og bruka skal verdsetjast som næringsseigedom, der produksjonsinstallasjonar og – utstyr ikkje inngår i taksten. Det skal samtidig fastsetjast eit særskilt grunnlag for produksjonsinstallasjonar og – utstyr i desse anlegga. Dei nye takstane og det særleg grunnlaget skal gjelda frå 2019.

SB - 022/17 Vedtak:

Revidert budsjett må leggest fram så fort som mogeleg for å få eit godt bilde av kommunens økonomisituasjon. Rådet ser med bekymring på kommunens framlagde økonomisituasjon.

Rådet godkjenner rådmannens forslag til budsjett.

023/17 Kommunale vigslar i Bokn kommune frå 01.01.2018.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

1. Bokn kommune skal ha tilbod om vigsel på virkedagar mellom kl. 08.00 og 15.00 til eigne innbyggjarar og personar som ikkje er busette i Noreg, men som oppfyller vilkåra for å inngå ekteskap i Noreg. Allrommet Boknatun eller møterom 2. etg. Bokn Arena skal nyttast som vigslingslokale.
2. I tillegg til ordførar og varaordførar, får rådmannen fullmakt til gjennomføra vigslar frå 01.01.18, med rett til å delegera mynde vidare.
3. Bokn kommune vil eventuelt koma tilbake til spørsmålet om å tilby vigsel utanom det alminnelege tilbodet.

28.11.2017 Seniorråd/råd for eldre og funksjonshemma

Behandling:

SB - 023/17 Vedtak:

Rådet støttar forslaget.

024/17 Kulturprisen 2017

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

1. Bokn kommune sin kulturpris 2017 går til Erik og Anette Våga. Som løysningsorienterte, kreative og handlekraftige eldsjeler får dei prisen for sitt mangeårige engasjement i mykje av det som angår samfunnet Bokn. I eit folkehelseperspektiv framstår dei som ukuelege optimistar og har eit stort brennande hjarte for samfunnet og for fellesskapet. Kulturprisvinnarane tel ikkje kroner og timar, dei reknar ikkje på netter med redusert mengde søvn, men dei står på til dei når målet.

Som både trenarar, initiativstakarar og dugnadsmotorar i Bokn Idrettslag brenn prisvinnarane for dei unge, men også for prosjekt som gagnar heile bygda. Namna deira er sterkt knytta til Alvestad nærmiljøanlegg, med realisering av både kunstgrasbane, toalettbygg og gapahuk, der Anette skaffa sistnemnde bygg fleire hundretusen kroner i støtte etter søknad gjennom Bokn Sanitetsforening.

Medan Erik gjerne er den praktiske gjennomføraren, er Anette den idérike og kreative med stilletthælløp og hønebingo på repertoaret. Ekteparet sin skapartrøng kjem heile boknasamfunnet til gode; i dag og for framtida. Me håpar kulturprisen vil inspirera til vidare innsats, både for kvarandre og for sambygdingar.

2. Prisen består av eit kunstverk på kr. 10.000, samt diplom.
3. Det blir i tråd med saksframstillinga sett ned eit utval som skal vurderer retningslinjene til

kulturprisen på ny.

Bokn, 21.11.17

Jan Erik Nygaard
- rådmann -

Jardar Havikbotn
- kultursjef –

28.11.2017 Seniorråd/råd for eldre og funksjonshemma

Behandling:

SB - 024/17 Vedtak:

Rådet tilrår rådmannens forslag til vedtak.

025/17 Støtte til Haugaland Hestesport Arena

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

1. Bokn kommune løyver kr. 78.000 til Haugaland Hestesport Arena.
2. Midlane blir tatt frå 1490 120 1000 - "Reserverte bevilgningar".
3. Bokn kommune er med og dekker ev. framtidige driftsunderskot med 0,25% av summen.

Bokn 13.11.2017

Jan Erik Nygaard

Rådmann

Jardar Havikbotn

Kultursjef

28.11.2017 Seniorråd/råd for eldre og funksjonshemma

Behandling:

SB - 025/17 Vedtak:

1. Rådet ser at med kommunens økonomisituasjon bør ein reduseres støtta. Det verdt tilrådt å gi støtte opp mot 40 000,-
2. Rådet tilrår rådmannens forslag til vedtak.
3. Rådet tilrår rådmannens forslag til vedtak.